



Høgskulen på Vestlandet

Bacheloroppgave

BACH301-OST-2023-VÅR-FLOWassign

Predefinert informasjon

Startdato:	11-05-2023 09:00 CEST	Termin:	2023 VÅR
Sluttdato:	25-05-2023 14:00 CEST	Vurderingsform:	Norsk 6-trinns skala (A-F)
Eksamensform:	Bacheloroppgave - Stord		
Flowkode:	203 BACH301 1 OST 2023 VÅR		
Intern sensor:	(Anonymisert)		

Deltaker

Kandidatnr.:	259
--------------	-----

Informasjon fra deltaker

Antall ord *:	10223
---------------	-------

Egenerklæring *:
Jeg bekrefter at jeg har Ja
registrert
oppgavetittelen på
norsk og engelsk i
StudentWeb og vet at
denne vil stå på
uitnemålet mitt *:

Gruppe

Gruppenavn:	(Anonymisert)
Gruppenummer:	14
Andre medlemmer i gruppen:	362

Jeg godkjenner autalen om publisering av bacheloroppgaven min *

Ja

Er bacheloroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? *

Nei

Er bacheloroppgaven skrevet ved bedrift/virksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? *

Nei



Høgskulen
på Vestlandet

BACHELOROPPGAVE

Dei yngste barna sin medverknad i barnehagen

The youngest children's participation in the
kindergarten

Frida Markhus & Marthe Velure

Bacheloroppgåve i barnehagelærarutdanninga

Fakultet for lærerutdanning, kultur og idrett

Veileder: Annette Kristoffersen Winje

Innlevering: 25.05.2023

Samandrag

Denne bacheloren omhandlar dei yngste barna sin medverknad i barnehagen. Me har brukt teori innanfor tema medverknad, vaksenrolla og toddlaren. Den vitskapelege tilknytinga vår er inspirert av Merleau-Ponty sin fenomenologi om kroppen. Me har også vidare blitt inspirert av Berit Bae (2012) sin konklusjon på at medverknad er like viktig for alle barn i barnehagen uavhengig av alder. Me fekk også interesse for Solveig Østrem (2012) sin observasjonsstudie i barnehagen der det visar at når dei tilsette i barnehagen rettar oppmerksomheita mot noko betydingsfullt som befinn seg utanfor barnet, kan dette hjelpe og bidra til barna sin aktive medverknad.

Vår oppgåve byggjer på en kvalitativ forskingsmetode, og for å innhente empiri til problemstillinga vår har vi nytta fokusgruppeintervju som metode. Det ble gjennomført et fokusgruppeintervju med tre barnehagelærarar og ein spesialpedagog som informantar. Dette ble gjennomført i ein barnehage som har ekstra fokus på, og jobbar målretta med medverknad hos dei yngste barna i barnehagen. Intervjuet har i etterkant blitt tolka og analysert av oss, og me har funnet tre funn. Disse er observasjon, barneperspektivet og kunnskap om toddlaren. Me vil bruke disse funna og drøfta dei opp mot teorien, våre refleksjonar og våre tolkingar av det informantane fortel. Våre funn kan ikkje sjåast på som en universal konklusjon av problemstillinga, men me vil prøve å leggje fram korleis me opplev at dei tilsette på småbarns avdeling forstår sitt arbeid for medverknad i barnegruppa.

Abstract

This bachelor's thesis focuses on the youngest children's participation in the kindergarten. We have utilized theories related to participation, adult roles, and toddlers. Our scientific framework is inspired by Merleau-Ponty's phenomenology of the body. We have also been influenced by Berit Bae's (2012) conclusion that participation is equally important for all children in the kindergarten, regardless of age. Additionally, Solveig Østrem's (2012) observational study in the kindergarten caught our interest, as it revealed that when the staff directs their attention towards something significant that is outside the child, it can help and contribute to the child's active participation.

Our study is based on a qualitative research method, and to gather empirical data for our research question, we conducted focus group interviews as our method. A focus group interview was conducted with three preschool teachers and one special education teacher as informants. This took place in a kindergarten that places extra emphasis on and works purposefully with participation among the youngest children. The interview was later interpreted and analyzed by us, and we have identified three findings: observation, the child's perspective, and knowledge about toddlers. We will use these findings to discuss them in relation to the theory, our reflections, and our interpretations of what the informants have shared. It is important to note that our findings cannot be considered a universal conclusion to the research question. However, we aim to present how we perceive the understanding of the staff working in the toddler group regarding their efforts towards promoting participation within the children's group.

Forord

Etter tre kjekke og lærerike år ved Høgskulen på Vestlandet campus Stord er me no kommen til det avsluttande året der bacheloroppgåva skal inn. Me har brukt mykje tid, men samtidig lært utruleg mykje spanande gjennom heile prosessen. For at denne prosessen har gått så fint som den har gjort, er det fleire som fortener ein stor takk.

Me vil først begynne med å rette ein stor takk til vår veilleder Annette Kristoffersen Winje for gode vegledningsøkter og gode tilbakemeldingar i gjennom heile forskingsprosessen. Du har alltid vært tilgjengeleg og latt oss stille spørsmål når me har hatt behov for det. Det har vært både oppturar og nedturar, men du har alltid vært positiv og hatt trua på oss i gjennom heile prosessen vår. Tusen takk!

Vidare ynskjer me og takke informantane våre for at dykk deltok og kom med dykkar erfaringar og synspunkt. Me er også veldig takksam for at dykk valte og bruke tida dykkar utan om jobb på oss. Det set me stor pris på!

Me vil også rette ein stor takk til Karoline Kristiansen Steinsvåg og Sonja Velure for rask og effektiv korrekturlesing og nye innblikk i vår bacheloroppgåve. Til tross for at me har levert seint og ville hatt oppgåva raskt tilbake har dykk stått på sjølv om dykk har hatt det travelt med både jobb og på heimefronten. Dette har vært til utrulig god hjelp i vår forskingsprosess. Me set veldig pris på det!

Sist men ikkje minst vil me avslutte med og takke kvarandre for eit fabelaktig godt samarbeid. Me har ledd, diskutert, kjefta og nærmare vore på gråten til tider men likevel sitt me no igjen med mange gode minner. Me har også fått testa tolmodigheita og vennskapet på eit nytt nivå. Etter endt oppgåve har me reflektert oss fram til at me er veldig glad det blei oss to som skreiv i saman.

HVL, avdeling Stord, Bachelor Barnehagelærar
25.Mai, 2023

Innhaldsfortegnelse

1.0 Innleiing.....	1
<i>1.1 Bakgrunn</i>	<i>1</i>
<i>2.1 Barnehagens styringsdokument</i>	<i>3</i>
<i>2.2 Medverknad</i>	<i>3</i>
<i>2.2.1 Syn på barn</i>	<i>3</i>
<i>2.3 Toddlaren</i>	<i>5</i>
<i>2.4 Observasjon som arbeidsmåte</i>	<i>5</i>
<i>2.5 Nonverbal</i>	<i>6</i>
<i>2.6 Vaksenrolla.....</i>	<i>7</i>
<i>2.7 Rommet og estetikk i barnehagen</i>	<i>8</i>
3.0 Metode	10
<i>3.1 Kvalitativ forskingsmetode</i>	<i>10</i>
<i>3.2 Intervju</i>	<i>11</i>
<i>3.2.1 Fokusgruppeintervju</i>	<i>12</i>
<i>3.2.2 Val av metode</i>	<i>12</i>
<i>3.3 Utveljing av informantar</i>	<i>12</i>
<i>3.4 Etisk perspektiv.....</i>	<i>13</i>
<i>3.5 Reliabilitet, validitet og feilkjelder</i>	<i>13</i>
<i>3.6 Gjennomføring (innhenting av empiri)</i>	<i>14</i>
<i>3.7 Analyse</i>	<i>14</i>
<i>3.7.1 Vår analyseprosess.....</i>	<i>15</i>
4.0 Presentasjon av funn og drøfting.....	16
<i>4.1 Funn 1: Observasjon</i>	<i>16</i>
<i>4.2 Funn 2: Barneperspektivet</i>	<i>18</i>
<i>4.3 Funn 3: Kunnskap om Todduren</i>	<i>21</i>
5.0 Avslutning og oppsummering.....	24
6.0 Litteraturliste	25

7.0 Vedlegg	27
<i>7.1 Vedlegg 1: Samtykkeskjema.....</i>	<i>27</i>
<i>7.2 Vedlegg 2: Intervjuguide</i>	<i>29</i>

1.0 Innleiing

I 1991 slutta Noreg seg til FNs barnekonvensjon som handlar blant anna om barn sin rett til medverknad, og som følgje av dette blei barn sin medverknad nedfelt i norsk lov i 2003. Det er tjue år sidan lov om medverknad trådde i kraft, og i den forbindelse er det interessant å få eit innblikk i barnehagen sitt fokus på medverknad i dag. Er noko endra? Er det fortsatt slik at utfordringa ligg i korleis medverknad kan jobbast med i kvar enkelt barnehage, og ikkje i om barna skal få vera med å medverke? (Johannessen & Sandvik, 2008, s. 24-25). Når man er innpå temaet medverknad som er eit stort tema i dagens barnehagar kan ein stille seg spørsmålet: Korleis kan me gjere slik at alle barn får medverke, dei barna som ikkje uttrykkjer seg like mykje som andre, dei som synast barnehagekvardagen kan vere litt tung, men også dei som er for små til å uttrykke seg med ord? Korleis gjer dei tilsette det når barna grin, blir grininga til barna sett i samanheng med medverknad? Og korleis handlar barnehagelæraren grininga? (Sandvik, 2007, s. 29). Med dette som bakgrunn har me valt denne problemstillinga:

“Korleis forstår dei tilsette på småbarnsavdelinga sitt arbeid for medverknad i barnegruppa?”

1.1 Bakgrunn

Når me skulle bestemme oss for tema for bacheloroppgåva vår, satt me oss ned og tenkte på kva me ynskja og tileigna oss meir kunnskap om. Me kom fram til at medverknad var noko me synast er et spanande tema, og sikta oss inn på småbarn. Me lurar på korleis dette aktivt blir jobba med i praksis. Me opplev at dette er et tema som ofte blir løfta fram og snakka mykje om, men som i praksis kan vere vanskeleg og gjennomføre. Medverknad og medbestemmelse er to viktige omgrep som ofte blir blanda. Det er derfor viktig for oss å få fram skilnaden på disse. Medverknad handlar om at barna sine erfaringar, tankar og meininger skal bli hørt. Når det er snakk om medverknad kan barna være med å bestemme innhaldet og planlegginga av barnehagekvardagen. Medbestemmelse handlar om at barna får vere med i saman med dei vaksne og bestemme. Det kan handle om at barna skal få bestemme kva sko eller kler ein skal bruke ute.

I rammeplanen for barnehagen (2017, s. 27) står det under kapittelet om barn sin medverknad at alderen, erfaringane, dei individuelle føresetnadane og kva behov barna har er noko barnehagen skal væra bevisst på og leggje til rette for. Dei yngste barna som ikkje enda har utvikla språk kommuniserer på andre måtar. Likevel skal de ha same rett til medverknad og til å gi utsyn for sine behov. Observasjon og oppfølging av barna kan være nødvendig for personalet for å kunne gjennomføre dette. Det er særskilt viktig at barna ikkje får meir ansvar enn dei er i stand til å handtere (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 27). Dette handlar i stor grad om at alle barn har ei rett til å vera med å medverka, og at ein som voksen skal klara å følgje opp alle barna.

2.0 Teorigrunnlag

Denne delen av vår bacheloroppgåve vil me presentere eit utval av teori, som me meiner er relevant for vår problemstilling, og videre vil bruke inn i drøftinga av våre funn.

2.1 Barnehagens styringsdokument

Ved å oppmuntre og leggje til rette for at barna skal få lov til å vere med å seie kva dei synast om den daglege verksemda i barnehagekvarldagen, skal barnehagen også sikre barn sin rett til medverknad, dette kjem fram i barnehagelova §§ 1 og 3, Grunnlova § 104 og FNs barnekonvensjon art. 12 nr. 1. Barna skal regelmessig få vere med å aktivt delta i vurderinga og planlegginga av barnehagedrifta. Alle barn har rett til å erfare og påverke det som skjer i barnehagen kvar dag (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 27). Sidan problemstillinga vår er «korleis forstår dei tilsette på småbarnsavdelinga sitt arbeid for medverknad i barnegruppa», vil me avgrensa teorien til korleis medverknad, vaksenrolla, nonverbalt språk/kommunikasjon og rommet som ein tredje pedagog er, med tanke på todalarane.

2.2 Medverknad

2.2.1 Syn på barn

Medverknad seier noko om korleis barn skal kunna formidla eigne meningar, erfaringar og forståingar i barnehagen. Ved at barn får vere med å medverke, skal dei få ha ein påverknad på innhaldet, planlegginga og barnehagen sine rutinar i kvarldagen. Dette fordi barn skal få moglegheit til å erfare og lære at barn sine meningar og tankar betyr noko for andre/fellesskapet. For å oppnå dette må personale ha ei lyttande haldning og vere anerkjennande (Jansen, 2019, s. 13). Medverknad som grunnlag kan utfordre den vaksne si rolle som tilretteleggar. Det og leggje til rette for mogelegheit til utvikling og læring, men også la barna få påverke og delta aktivt i sin kvardag bør ikkje sjåast på som ein utfordring (Johannesen & Sandvik, 2008, s. 32). I samarbeid mellom barna og dei vaksne kan det skje medverknad dersom barna får oppleva at dei blir lytta til og får erfare ein reell innflytelse på det som skjer. I medverknad skal personalet forstå, støtte og vise omsorg til barna sine innspel. Legg personalet til rette for eit slikt medverkande samarbeid, kan dette skape ein tryggheit for barna slik at dei tørr å komme med sine eigne meningar og innspel (Jansen, 2019, s. 13).

Medverknad handlar om meir enn å berre bestemma. Det handlar både om å vera i eit fellesskap der ein blir inkludert og respektert uansett kva meininger og haldningar ein har, og det handlar om korleis menneske i eit fellesskap med kvarandre klarar å samhandle, respektera og lytta til kvarandre (Johannesen & Sandvik, 2008, s. 27). Alle barn i dagens samfunn har like stor betydning og skal bli høyrt på same måte, anten det er i barnehagekontekst eller i sosiale samanhengar. Når det blir diskusjon rundt omgrepene medverknad, slit mange med skilnaden på medverknad og medbestemmelse. Diskusjonane om medverknad kan som oftast ende opp i ein diskusjon der det handlar om kven som skal bestemme kva (Johannesen & Sandvik, 2008, s. 25-26).

I praksisfeltet blir det sagt at dei yngste barna er for små til å medverka, men med tanke på det som står i rammeplanen og i FNs barnekonvensjon blir det ikkje rett å setje medverknaden på vent til barna blir større med tanke på forpliktelsane ein har i barnehagen (Bae, 2012, s. 18-19). Barnet sin alder er eit argument for å svekke retten deira til medverking. Grunnen til dette er at dei yngste barna blir antatt som for små og ikkje for kompetente nok til foreksempel planlegging- og vurderingsarbeid. Det er og argumenter for at små barn har for lite livs erfaring til å kunne vere med å medverka, ein annan grunn til at ein seier små barn må begrensa sin rett til medverknad er på grunn av alder og at dei ikkje er i stand til å verbalisera sin vilje og opplevelingar, og dette viser til at retten til å medverka blir målt opp med sin verbale kompetanse (Sandvik, 2007, s. 33). På ein småbarns avdeling viser barna meiningsane sine på andre måtar enn med det verbale språket, her vil det være viktig at dei vaksne er aktivt tilstades med alle sansar og observante og at dei vaksne respekterer barna sine markeringar. Ved barna sine markeringar kan dei vaksne sjå kva aktivitetar som fengar barna, og planleggje verksamheitar ut i frå det ein har fanga opp/observervert (Sandvik, 2006, s. 21). Medverking er noko dei tilsette i barnehagen aldri blir ferdig å reflektera øve og jobba med, det er ein kontinuerleg prosess som personalet i barnehagen må jobba med (Nyhus, 2013, s. 64). For at det barna utrykker skal bli lagt merke til, burde ein ha vaksne som kan lytte til og respondera på det barna vil uttrykke av sine opplevelingar (Jansen, 2013, s. 24)

Barnet sin alder er eit argument for å svekke retten deira til medverking. Grunnen til dette er at dei yngste barna blir antatt som for små og ikkje for kompetente nok til foreksempel planlegging- og vurderingsarbeid. Det er og argumenter for at små barn har for lite livs erfaring til å kunne vere med å medverka, ein anna grunn til at ein seier små barn må begrense sin rett til medverknad er på grunn av alder og at dei ikkje er i stand til å verbalisera sin vilje og

opplevelingar, og dette viser til at retten til å medverka blir målt opp med sin verbale kompetanse (Sandvik, 2007, s. 33)

2.3 Toddlaren

Toddlaren er eit omgrep som blir brukt på eitt -og toåringane (Röthle, 2013, s. 31) som betyr: ein/ei som stabbar og går. Den franske filosofen Merleau-Ponty lanserte i 1945 kroppens filosofi som persepsjonens fenomenologi. Han hadde eit ynskje om å vise at alle våre opplevelingar i verda kvilar på kroppens persepsjon. Persepsjon handlar om måten du tolkar sanseinntrykka du får. Fordommane me har som for eksempel bakgrunn, kunnskap og synet vårt på ulike handlingar er med på å påverke vår persepsjon og korleis ein tolkar verda. Då vårt nærvær i verda handlar om at me er oppmerksame ved heile kroppen vår, forklarer Ponty at mennesket er sansande og har eit fortolkande nærvær i verda. Menneskekroppen kan forklaraast som ein levande kropp og utan kropp er det ikkje mogeleg å vere i verden. Kroppen er ein heilheit av tankar, førelsar, sansar, motorikk og fysiologi (Röthle, 2013, s. 31).

Toddlaren er i stor grad i grovmotorisk leik og inni denne leiken får dei og ein sosial leik. Musatti og Panni har gjort ein studie der dei fant to ulike variantar på leik som dette (Løkken, 2004, s. 51). Den første var leik rundt store leikeelementar som eksempelvis esker, madrass eller stolar. Ved leik rundt store leikeelement, vil barna for det meste etterlikna og spegle kvarandre, samt gjera det same rundt eller på den store gjenstanden som er med i leiken. Barna kommuniserer med å le, veksle blick og vokalisere til kvarandre (Løkken, 2004, s. 52). Den andre var heilhetleg kroppsleg aktivitet. I denne lekestilen er toddlerkroppen i sentrum av leiken. Eksempel på leik der barnet sin kropp er i sentrum er hopping, tramping og springing, gjerne springing frå ei side av rommet til den andre (Løkken, 2004, s. 54-55). Ved denne type leik vil barna bli inkludert i eit fellesskap med dei andre barna som er med.

2.4 Observasjon som arbeidsmåte

I pedagogisk samanheng er det vanleg og definere observasjon som ein aktiv bemerkning ved hjelp av alle sansane (Løkken & Søbstad, 2013, s. 40). Det er ikkje mogeleg og observere alt på same tid, og det er difor viktig å velje ut nokre konkrete situasjonar ein vil sjå nærmare på. Når man brukar ein metode slik som dette vil ein sjå alt – og ingenting, og i følgje Gunvor Løkken og Frode Søbstad må ein derfor rette søkjelyset mot bestemte handlingar som ein vil få

meir kunnskap om (Løkken & Søbstad, 2013, s. 40). Slike handlingar kan for eksempel vere å finne ut noko om relasjonar mellom barn eller mellom barn og vaksne. Korleis det fysiske miljøet gir mogelegheit eller skapar hindring for medverknad har også ein stor betydning (Løkken & Søbstad, 2013, s. 40). Prosessane med observasjon, oppleving og tolking er fletta saman og vevde inn i kvarandre. Ved å observere det barn gjer, tolkar me deira opplevingar. Når observasjon blir definert som merksam iakttaking, handlar det om å vera merksam og legge merke til handlingar (Løkken & Søbstad, 2013, s. 98). Det ligg i menneske å prøve å finne eller forstå meiningsa i det ein legg merke til. Dette blir gjort uavhengig om det blir uttrykt gjennom ord eller ikkje. Det som blir observert tek me til oss, og markeringane ein ser frå handlinga er dei som vil gje handlinga betydning. Derfor er observasjon basert på å oppdage kva som ligg i handlinga til menneska. Det handlar med andre ord om at ein søker etter å forstå betydninga av kva menneskelege handlingar betyr i ulike situasjonar (Løkken og Søbstad, 2013, s. 98).

2.5 Nonverbal

Når ein skal observere dei yngste barna som ikkje beherskar det verbale språket, må personalet observere korleis dei yngste er og har det i barnehagen (Jansen, 2013, s. 87). Personalet må ha eit retta blikk mot det barnet er opptatt av, kva dei henvendar seg mot, kva som vekker barna si interesse, kva dei leiker med og kva dei gjer. Dette er måtar barna formidlar det dei er opptatt av. All denne informasjonen og kommunikasjonen skal personalet fortolke, slik at personalet kan prøve å forstå dei yngste barna sine meininger og verdiar. Ved ikkje deltagande observasjon er det mange ulike måtar og skrive eit observasjonsnotat på. Nokre av desse måtane kan vere små historier, dagboknotat og kontaktskjema (Jansen, 2013, s. 88). Observatøren sit då på utsida og ser på barna og det som utspelar seg. Ein kan også arbeide med observasjon ved å vere til stades i det som heiter deltagande observasjon. I ein deltagande observasjon kan ein for eksempel gå inn i leiken eller aktivitetane saman med barna. I ein observasjon som dette treng ein ikkje å bruke nokre midlar som til dømes notatblokk eller datamaskin, då observasjon handlar om å sjå det som skjer. Det kan være nødvendig å skrive stikkord frå observasjonen slik at du veit kva observasjonen dreiar seg om (Jansen, 2013, s. 88). Våre tankar om dette er at det finst mange ulike metodar og observere på. Me tenkjer at det som er viktig når ein observerer og skal få med seg ein spesifikk hending er at ein brukar den metoden som gir best utfall.

Toddlarar er ei aldersgruppe der mesteparten av kommunikasjonen skjer på andre måtar enn ved det verbale språket, då er ein avhengig av observante og aktive personale for at ein skal få med seg barnas bidrag og moglegheit til medverknad (Johannesen & Sandvik, 2008, s. 29). Dei minste barna kommuniserer med omverden i den tida dei er våken. Kommunikasjonen kan vere noko variert, somme gonger kommuniserer dei kroppsleg, medan andre gongar kan den skje kroppsleg gjennom lydar og ord. Korleis barna uttrykker seg er avgjерande for kva alder dei er i, relasjonar og situasjon (Sandvik, 2006, s. 12). Me forstår dette som om at det er viktig med tilstadeverande vaksne slik at dei kan ta inn det som skjer rundt seg, og at dei då klarar og forstå kommunikasjonen barna vil formidle.

I barnehagen og generelt i samfunnet vektlegg ein det verbale språket sterkt. Å skaffe seg verbalspråket er viktig, og som barnehagelærar og føresette kan ein bli bekymra dersom det verbale språket ikkje kjem når ein forventar det. Men barn har språkforståing lenge før dei kan kommunisera med ord. Kanskje den kroppslege kommunikasjonen ikkje blir sett, eller at den blir undervurdert, fordi den verbale kommunikasjonen betraktast som så viktig (Jansen, 2013, s. 55). Barn er avhengig av vaksne som klarar å fanga både kroppslege og verbale utrykk frå. Vidare må den vaksne tolke uttrykka med eit blikk som viser at barna er meiningsfulle og viktige, deretter må dei vaksne svare på uttrykka på ein tydeleg og ansvarleg måte. I følgje Ninni Sandvik (2006, s. 20) vil det vere avgjерande for medverknaden til dei minste barna i barnehagen.

2.6 Vaksenrolla

Som vaksne har ein ei viktig rolla med tanke på medverknad i barnehagen, dels fordi dei vaksne står i ein maktposisjon ovanfor barna og dels fordi barna sin medverknad ikkje er verdt papiret det står på, om dei vaksne ikkje tar det på alvor og realiserer det. Korleis ein som voksen møtar barn, er påverka av kva syn på barn dei vaksne har. Dersom den vaksne har eit syn på barna som subjekt, får barna mogelegheit til å medverke. Det er viktig som voksen og vere bevisst på sitt syn på barn og reflektera over om barna får uttrykkje seg og om dei blir høyrte. Då dei har rett og krav til å få medverke i sin eigen kvardag (Johannesen & Sandvik, 2008, s. 35). Ansvoaret for at ynskjene og behova til kvart enkelt barn inngår i barnehagefellesskapet, ligg hos barnehagens tilsette og spesielt hos barnehagelæraren. Dette gjennom å delta og gjere noko saman og slik erfare at det ikkje hadde blitt det same utan medverknad frå kvart enkelt barn (Sandvik, 2007, s. 29). I artikkelen til Mari Pettersvold (Pettersvold, 2013) om

demokratiforståingar og barn sin demokratiske deltaking i barnehagen, skriv ho at det er blitt gjort eit nordisk funn om barn sin deltaking i barnehagen. Barns moglegheit for medverknad og innflytelse i norden, viser seg å henge saman med kva kunnskap, syn på barn og kva vilje dei vaksne har til å gi frå seg makt og kontroll. Vidare skriv ho at styrarane i barnehagane gir uttrykk for at å jobbe med medverknad i barnehagen er krevjande. Bakgrunnen og evalueringa av studien visar at assistenter og fagarbeidrarar forstår medverknad som sjølvbestemmelse, mens barnehagelæraren har eit vidare og meir nyansert syn på det (Pettersvold, 2013).

Dei tilsette i barnehagen skal få med alle barna sin rett til medverknad i barnehage kvardagen. Dette må bli vurdert mot det at barna ikkje skal få for mykje ansvar eller ta for kompliserte beslutningar. Dei tilsette har og andre krav og forventingar om kva dei skal utretta i barnehagen som ikkje nødvendigvis er med på å realisera retten til å medverka for barna fult ut (Pettersvold, 2013, s. 128). Barn er kompetente subjekt men som voksen må ein passe på at ein ikkje overvurderer barn sine ferdigheitar og forutsetningar. Faren er at ein kan gi barna for stort ansvar, som barn treng ein også hjelp og omsorg. Med det tidlegare synet på barn som var at barn var sårbare og uferdige kan dette føre til at dei vaksne vil hjelpe barna for mykje og bane veg for barna. Ved eit slikt syn på barn vil det undervurdere barns kompetanse, og hindre dei til å meistre og gjera feil (Jansen, 2013, s. 52).

2.7 Rommet og estetikk i barnehagen

I dag er det ei auka interesse for barnehagen sine rom, utforming, organisering, samt barnehagen sitt materielle utval. Verksemda, både ute og inne, blir tatt som utgangspunkt i den generelle arkitekturen sine rammer for pedagogisk verksemd. Det viser seg at det trengs meir kunnskap om korleis arkitekturen og pedagogikken kan forståast i lag, slik at barnehagen sine pedagogiske mål blir fremja (Krogstad et al., 2012, s. 11) Sanseinstrykk omhandlar estetikk. Estetiske opplevingar er noko me får gjennom sansane våre. Det finst ulike estetiske opplevingar, der nokon kan oppleve positive opplevingar kan andre oppleve omvendt. Når me kjem inn i eit rom ser vi rundt oss og opplev heilheten av rommet; alt frå fargar på veggene, korleis møblane er plassert, om det er rotete eller om det er opent. Romma kan gi sterke og svake inntrykk og desse inntrykka gjer noko med oss, om me vil vera i rommet eller ikkje (Thorbergsen, 2007, s. 17).

I barnehagen skal rom og materiell vera tilgjengeleg for barn, slik at dei kan bli brukt til deira eigne forslag. Ved å ha eit miljø som er tilgjengeleg, kommuniserer det til barna at dei vaksne forstår barna som aktive subjekter, som har kompetanse til å lage sine eigne aktivitetar (Jansen, 2019, s. 60). Dei minste barna i barnehagen gjer ofte ting om igjen. Barna bruker rommet og gjenstandane om og om igjen slik at dei kan finne ut kva som kan gjerast i rommet, samt utforske ulike måtar dei kan bruke gjenstandane på. Når barna er små brukar dei kroppen og sansane mykje, og på denne måten lagar dei seg nye erfaringar som igjen etter kvart, gir dei ein forståelse av korleis alt heng saman (Thorbergsen, 2007, s. 33). Vidare hevdar Eli Thorgbergsen (2007) at når ein legg til rette for barn under tre år, skal romma i vera slik at barna kan prøve ut og erfare med ulike typar material og utstyr.

Som personale i barnehagen skal ein sjå det enkelte barnet. Det hender nokon gongar at den vaksne blir den som ser og definerer, medan barnet er den som blir sett og definert (Østrem, 2012, s. 68). Dette gjer då at den vaksne behalder den aktive subjektsposisjonen medan barnet blir eit objekt for den vaksne sitt blikk (Østrem, 2012, s. 68). Solveig Østrem har vidare gjort ein observasjonsstudie i barnehagen der ho har vert vitne til mange situasjonar. Studien hennar viser at når barnehagens tilsette rette oppmerksamheita konkret mot noko betydningsfullt som befinner seg utanfor barnet, kan dette bidra til barn sin aktive medverknad (Østrem, 2012, s. 69). Dette vil ved å ha tilstedeværende vaksne som er observante, og ser det som fangar oppmerksamheita til barna, vera med å få barna aktivt med i medverknadsprosessen.

3.0 Metode

I denne metodedelen skal me grunngje vårt val av metode og kome inn på kva metode generelt er. Me skal også beskrive kva metode me har brukt for å få svar på problemstillinga vår. Me har brukt ein forskningsmetode som handlar om å innhente, organisere og tolke informasjon (Larsen, 2017, s. 17). Vidare skal me inn på kvalitativ og kvantitativ metode og forklare kva for ein av metodane me vil nytte. Me kjem også inn på grunngjeving av kvifor me har valt som me har valt. Mot slutten av metodedelen kjem me inn på etikken og feilkjeldene, vidare skriv me litt om korleis me innhenta empirien, om analyse og om vår eigen analyseprosess.

3.1 Kvalitativ forskingsmetode

Den metoden ein vel for eit forskingsprosjekt, skal hjelpe med å samla inn data, slik at ein får inn den informasjonen ein treng for å gjennomføre undersøkinga (Dalland, 2020, s. 55). Kvantitativ og kvalitativ er to hovudretningar som går under samfunnsvitskapleg metode. Kvantitativ metode er den metoden som gir data i form av målbar eining. Ved kvalitativ metode prøver ein å få inn data på meininger og opplevingar som ikkje kan målast eller bli talfesta (Dalland, 2020, s. 55). Ved å ha ein slik forskingsmetode vil den bli prega av at ein ikkje har lagt til rette for at forskarane skal kunne påverke åferda til informantane som blir forska på i prøvesituasjonar eller arrangement. Fenomenet blir i staden studert i sine vanlege omgivnader. Forskingsmetoden kvalitativ er som oftast induktiv (Løkken & Søbstad, 2013, s. 35). Ved å ha ein induktiv tilnærming vil det seie at ein trekk beslutningar frå det enkelte eller spesielle til det alminnelege. Den innhenta empirien blir i stor grad påverka av konklusjonar og teoridanningar. Kvalitative studier er retta meir mot subjektive opplevingar. Det viktigaste i kvalitativ metode er at ein måle meir forståing enn forståing (Løkken & Søbstad, 2013, s. 35-36).

Tilnærminga me har valt innan kvalitativ forskingsmetode er ein sosial-fenomenologisk tilnærming. Dette inneberer at me som forskarar undersøkjer ei gruppe av individ, og finn ut korleis deira meininger i ein sosial samankomst kjem fram. (Postholm, 2010, s. 41). Grunnen til at me har valt denne tilnærminga er at me som forskar fortolkar informasjonen som informantane vil leggje fram. Ein hermenautisk fortolkningsprosess inneberer at gjenstanden for forskinga må tolkast for og så skape ein ny mening om fenomenet (Brottveit, 2018, s. 34). For oss som forskar vil dette gå ut på at me tolkar intervjuet vårt, og kjem fram med våre eigne meininger og tankar om dette som kjem fram i intervjuet. Under dette bachelorprosjektarbeidet er kvalitativ den forskingsmetoden som me meiner vil gi oss ei djupare forståing for korleis

personalet forstår sitt arbeid med medverknad i barnegruppa på ein småbarnsavdeling i barnehagen.

3.2 Intervju

Metoden kan fortelje oss noko om korleis me bør gå fram for å finne eller prøve ny kunnskap. Vilhelm Aubert hevder (1985, referert i Dalland, 2020, s.53) at metoden er ein måte å komme fram til ny kunnskap, eit middel til å løyse problem og ein framgangsmåte. Metoden kan fortelje oss noko om korleis me bør gå fram for å finne eller prøve ny kunnskap. Vidare hevder Knut Erik Tranøy (1986, referert i Dalland, s. 53) at det å vere vitskapeleg er det same som å vere metodisk. Til kvar metode er det allmenngyldige krav. For å finne ut i kva grad påstandar er sanne, gyldige eller haldbare treng me ulike metodar for å få fram ny kunnskap (Dalland, 2020, s. 53). Når ein har intervju som metode er intensjonen å skaffe seg kunnskap om eit bestemt tema, og vil ta utgangspunkt i problemstillinga ein har valt (Postholm & Jacobsen, 2018, s. 117). I eit intervju vil det vere viktig å fange opp både det intervjupersonene seier, men ein kan også tolke korleis intervjupersonen seier ting. Ein kan tolke ansiktsuttrykk, kroppshaldningar og kroppsleg uro (Løkken & Søbstad, 2013, s. 105).

Når ein intervjuar må ein kunne samtale med alle typar menneske uavhengig av alder og livssituasjoner, og ein må ta i bruk både faglege og menneskelege ressursar. I eit intervju må ein raskt komme seg inn og forstå situasjonen, samt finne ein måte å snakke på som gjer at ein blir forstått raskt og enkelt. Det er også veldig viktig at det ikkje blir misforståingar og at det som blir sagt blir tatt på alvor og at du viser at du bryr deg om det som blir sagt (Dalland, 2020, s. 65). Steinar Kvale & Svend Brinkmann (2015, referert i Dalland, 2020, s. 66) hevder at den som intervjuar og den som blir intervju skal saman produsere kunnskap. Som intervjuar ynskjer du eit godt samspel som gir empati og respekt ovanfor begge partar. Det er difor viktig å tenkje godt over de etiske sidene ved eit intervju (Dalland, 2020, s. 66).

I eit semistrukturert intervju vil ein ha ein delvisstruktur der ein har klare spørsmål til intervjuet, men at ein kan stokke om på rekkefølga på spørsmåla, ein kan også stille oppfølgingsspørsmål. Slike spørsmål vil bli spurt dersom ein føler ein treng ei utdjuping eller noko meir konkret (Larsen, 2017, s. 99). Vårt fokusgruppeintervju vil vere semistrukturert, fordi me vil la informantane fortelje om det me spør om. Og vere open for å plutselig komme inn på andre spørsmål og byggje vidare på det informantane snakkene om.

3.2.1 Fokusgruppeintervju

Under eit fokusgruppeintervju vil ein samle ei gruppe menneske til å samtale rundt eit tema. Når ein har eit slikt intervju kan ein få fram kollektive meiningar. Det kan vera lettare for folk å snakke om eit tema når dei sit saman med andre, fordi dei kan og utfylla kvarandre, samstundes som at dei kan kome på ting når dei høyrer andre snakk (Larsen, 2017, s.100 – 101). Det positive ved fokusgruppeintervju er at ein får fram meiningar og oppfatningar fra fleire synspunkt og ikkje berre frå ein enkeltperson. Synspunkta blir ofte grunngjeve og forklart, fordi dei andre i gruppa kan kommentere eller stille spørsmål til synspunkta som igjen vil få fram ein refleksjon hos den enkelte (Jacobsen & Postholm, 2018, s. 66). Det som kan vere negativt ved fokusgruppeintervju er at enkelte personar kan dominera samtalen, dette vil gjera at ikkje alle får strekke til med sine synspunkt. Det kan potensielt ende opp i diskusjonar eller krangling (Jacobsen & Postholm, 2018, s. 66). I vårt fokusgruppeintervju følte me at det kom fram mykje nyttig informasjon. Det kom fram ulike meiningar og informantane byggje vidare på det dei ulike fortalte.

3.2.2 Val av metode

Dersom ein har spørsmål eller problem kan ein bruke ulike vitskapelege metodar for å løyse det. Det betyr at ein må ta eit val for kva metode ein vil bruke. Ein må reflektere over kvifor ein vil bruke den gitte metoden, og desse refleksjonane må kome tydeleg fram. For å finne ut kva metode ein vil bruke må ein sjå på den ideelle framgangsmåten og kva som er praktisk mogeleg å gjennomføre. Metoden me har valt i vår forskingsprosess er fokusgruppeintervju. Ved å bruke intervju som metode får me fram ulike innfallsvinklar frå informantane. I vår problemstilling vil me få fram korleis dei tilsette på ein småbarnsavdeling jobbar med medverknad, og ved å ha eit fokusgruppeintervju kan informantane byggje på kvarandre og det var denne metoden me tenkte kunne gi best utfall, i forhald til å støtte opp vår problemstilling.

3.3 Utveljing av informantar

I prosessen der me skulle velje ein barnehage me ynskte å intervju, valte me å kontakte ein referansebarnehage der dei jobbar med medverknad blant dei yngste. Sidan denne barnehagen jobbar med dette temaet, håpar me på å få svar på problemstillinga vår som er «korleis forstår dei tilsette på småbarnsavdelinga sitt arbeid for medverknad i barnegruppa?». Når me skulle velje informantar, fann me ut at det beste var å finne dei med pedagogisk bakgrunn. Grunnen til dette er at pedagogane ofte bestemmer korleis dei skal jobbe på avdelinga, og i ein situasjon

som dette er det kanskje dei som har mest svar angåande korleis dei jobbar. Me enda derfor opp med å intervju tre barnehagelærarar og ein spesialpedagog.

3.4 Etisk perspektiv

Når ein driv med forsking er det viktig at ein har respekt for informantane (Larsen, 2017, s. 15). Før me intervju informantane leverte me eit samtykkeskjema ut til barnehagen (Vedlegg 1). I samtykkeskjemaet fekk dei informasjon om korleis deira personopplysningar og personvern vil bli behandla under forskingsprosjektet. Eit anna etisk perspektiv me skal forhalda oss til under den planlagde undersøkinga er at me skal verne om privatlivet til informantane. Ein må ta omsyn til kor følsam informasjonen er for informanten. Dette kan vere ulikt frå person til person difor er det viktig å drøfte i forhold til informantpersonen (Postholm & Jacobsen, 2018, s. 249). Ingen skal kunne knytte det me skriv opp til ein bestemt plass eller nokon bestemte tilsette. For å oppretthalde dette etiske perspektivet vil me bruka enten fiktive namn eller kodar for å halda dei tilsette i barnehagen anonyme. Når me skal trekke inn sitat frå informantane våre i funn og drøftingsdelen, har me valt å skrive dette om til nynorsk for å anonymisere informantane våre.

3.5 Reliabilitet, validitet og feilkjelder

Når ein skal innhente data blir det stilt nokre krav. Reliabilitet handlar om nøyaktigkeit eller pålitelegheit. Dette handlar om kor truverdig forskinga er, og at ein må innhente relevant data for problemstillinga vår (Larsen, 2017, s. 94). Validitet under kvalitativ studie dreier seg om gyldigheit, truverdigheit og overføringsverdi (Larsen, 2017, s. 93). Dette handlar om i kva grad ein sjekkar ut det ein skal undersøke, om dei fortolkingane ein gjer er truverdige for forskinga (Larsen, 2017, s. 93). Det vil vere viktig at dataen ein innhentar er påliteleg, men her kan det oppstå nokon feilkjelder. Ved å bruke intervju som ein metode kan dette oppstå. Ei feilkjelde kan vere at informantane fortel det dei vil me skal høre i staden for slik det er i praksis. Dei kan fortelje noko, og så kan det vere annleis i verkelegheita. Informantane kan også fortelje korleis dei ville gjort dei ulike handlingane, men det er ikkje sikkert det blir gjort slik i verkelegheita. Ein har på førehand tenkt igjennom kven som vil vere relevante for forskinga. Med å ha intervju som metode vil ei feilkjelde vere at me ikkje får sjå korleis informantane vil jobba med problemstillinga i praksis. Ein vil kunne få fram informantane sine synspunkt og sine ynskjer om korleis ting skal bli utført i praksis, men det betyr ikkje at dette vil bli gjort i verkelegheita.

3.6 Gjennomføring (innhenting av empiri)

Når me skulle gjennomføre fokusgruppeintervjuet kom me ut i barnehagen ca ein halvtime før me skulle intervju, slik at me fann oss eit rom og dei informantane som var klare kunne begynne å lese og skrive under på informasjonsskrivet. Dette skrivet inneholdt informasjon om kva det ville innebere for dei og delta og korleis me ville holde dei som informantar anonyme. Dei vart også opplyst om at informantane hadde rett til å trekkje seg under heile forskingsprosessen vår. Under intervjuet delte me oss slik at ein av oss stilte spørsmål og hadde ein samtale med informantane, medan den andre satt litt i bakgrunnen og noterte.

Sjølve intervjuet var noko me begge hadde grua oss litt til, sidan det er noko me aldri har gjort før. Me synest at det gjekk veldig fint, sidan me valte semistrukturert intervju der me kunne hoppe fra spørsmål til spørsmål gjorde at me utelata nokon spørsmål me ikkje hadde bruk for å stille. Me innhenta mykje god og nyttig empiri. Me bestemte oss før me skulle ut i barnehagen at informantane ikkje skulle få spørsmåla på førehand. Dei skulle ikkje få forberede seg, då me ville ha spontane og ærlege svar. Me hadde med oss fire informantar som bestod av tre barnehagelærarar og ein spesialpedagog. Grunnen til at me valte dei var at det var ein barnehagelærar på kvar avdeling, og ein barnehagelærar som var innom begge avdelingane. Spesialpedagogen er mykje inn og ut, og ser mykje av det som skjer på avdelinga med eit litt anna blikk enn dei som er der kvar dag gjennom heile dagen. Intervjuet varte i ca 50 min då desse informantane var svært pratsame.

3.7 Analyse

Analyse handlar om å studere teksten og prøve å finne ein samanheng. I ein kvalitativ forsking vil ein analyse gå føre seg gjennom heile forskingsprosessen. Grunnen til dette er at analysearbeidet vil gå føre seg når ein forbereder undersøkinga, når ein samlar inn og når ein arbeidar med og tolkar data (Larsen, 2017, s. 113). I intervjuet vårt hadde me som tidlegare nemnt, ein som stilte spørsmål og ein som noterte ned det informantane sa. Intervjuer er levande samtalar, der det informantane seier er viktig og få nedskrive, men det er også viktig å vere forsiktig med transkriberinga slik at informasjonen som kjem fram ikkje kjem fram på ein annan måte enn den blir fortalt (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 218). På grunn av at me hadde ein som skrev under intervjuet gjorde det at transkriberinga skjedde under intervjuet og me fekk den fullverdige datainnsamlinga der. Transkribering vil vere når ein bearbeider det ein innhenter av empiri i intervjuet, når ein skal utføre dette arbeidet blir teksten skreve saman til ein heil tekst (Dalland, 2020, s. 95). Dette gjorde at me slapp under ein del arbeid når me i etterkant skulle sjå igjennom det me hadde innhenta av empiri og finne dei ulike funna våre. Når ein analysere

kvalitativ data jobbar ein med store mengder tekst. I denne fasen handlar det om å redusera datamengda, det vil seie å fjerna den informasjonen som ikkje er relevant for problemstillinga ein har (Larsen, 2017, s. 113). I vår analyse bruker me ei induktiv tilnærming, dette vil seie at når ein går ut i barnehagefeltet skal ein gå ut med eit opent sinn (Postholm & Jacobsen, 2018, s. 40). Dette var noko me gjorde då me ikkje las oss opp på teori før me gjekk ut og gjennomførte fokusgruppeintervjuet.

3.7.1 Vår analyseprosess

Analyseprosessen vår starta i forberedingsfasen når me laga problemstillinga me ville utdjupe oss i (Postholm & Jacobsen, 2018, s. 40). Og vidare når me skulle finne og formulere spørsmål til intervjuet, samt når me forberedte oss på å gå ut i barnehagen. Etter at me hadde vert ute i barnehagen og var ferdige med fokusgruppeintervjuet, skreiv me ut intervjuet og leste igjennom for å sortere og sjå kva informantane våre sa. Deretter såg me etter kva som var relevant for vår problemstilling. I rolla som ein forskande lærar har me eit bevisst forhald til dialog og den informasjonen som kjem fram. Dersom ein ser på dette med eit forskarblikk og i ein forskingssammenheng skal problemstillinga først og fremst bli belyst med hjelp av dialogen. Samtalane i denne sammenhengen var derfor målretta for å få fram den informasjonen me var på leit etter (Postholm & Jacobsen, 2018, s. 62). I intervjuet vårt stilte me spørsmål som var retta mot problemstillinga vår, dette gjorde at informantane gav oss dei svara me var på jakt etter. Me fekk fram mykje relevant og nyttig data i intervjuet vårt. Vidare i funn og drøftingsdelen har me plukka ut tre tema som me har valt å utdjupe oss meir i.

4.0 Presentasjon av funn og drøfting

I vår analyseprosess var det spesielt tre funn som trådde fram. Funna som kom fram i intervjuet vårt, og som me har valt å ta med oss vidare i denne oppgåva er: *observasjon, barneperspektivet og kunnskap om medverknad, toddlaren og småbarn*. Me synest desse funna verka spanande og interessante i forhold til å svare på vår problemstilling. I denne delen av bacheloren skal me presentere vår empiri og drøfte den opp mot teorien og våre eigne opplevingar. Gjennom drøftingsdelen skal me svara på vår problemstilling som er:

“Korleis forstår dei tilsette på småbarnsavdelinga sitt arbeid for medverknad i barnegruppa?”

4.1 Funn 1: Observasjon

Det er fleire av våre informantar som nemnar observasjon som ein viktig arbeidsmåte knytt til medverknad med dei yngste barna i barnehagen. Ein informant seiar: “*Sjå barnet, kva som påverkar det*” (1A), ein annan informant seiar: “*Me medverkar når me ser ting må endrast, men me prøvar i stor grad kvar dag.*” (1D). I samanheng med det informantane legg fram forstår me at dei vaksne er observante og forstår verdien av å bruke observasjon. I følgje Løkken & Søbstad (2013) er det viktig å observere fordi, me leggjer merke til kva barna gjer og er opptatt av. Dette kan gi barnehagepersonalet viktig kunnskap om barna som kan vere til hjelp i det vidare didaktiske planleggingsarbeidet for barnegruppa. I observasjon ligg også persepsjonen og det vil i følgje Løkken & Søbstad (2013) vere viktig at personalet har kunnskap om toddlaren slik de kan tolke og forstår toddlaren ut frå deira perspektiv og veremåtar. Det som for ein voksen kan observerast og tolkast som kaos og rot, kan for ein toddlar vere ein fantastisk utforskande leik.

Ein informant fortel: “*Når eg hadde barn frå 0-6 år fekk dei ikkje springe, for når dei på 0 år ligg på golvet, spring dei på 6 år dei ned. No oppfordrar me dei til å herje*” (1A). I vår forståing av det informantens fortel opplev me at observasjon blir tatt til nytte for å få til ein endring seinare. Når ein observerer kan ein bruke ulike metodar for å finne det ein leitar etter. Ein kan bruke både deltagande og ikkje-deltagande observasjon. I ein deltagande observasjon vil ein gå inn i leiken i lag med barna og observere samtidig som ein er med barna. Ved denne metoden treng ein ikkje å bruke nokre midlar for å notere det som skjer. I ein ikkje-deltagande observasjon sit observatøren på utsida av aktiviteten og noterer ned det som skjer, ved å bruke små historier eller skjema (Jansen, 2013, s. 88). Me tenkjer at deltagande observasjon er best å

bruke med dei yngste barna. Utan å notere eller bruke andre typar midlar kan observatøren komme seg inn i leiken og ned på barna sitt nivå. Me trur at observasjonen vil bli meir nøyaktig dersom dei vaksne er aktivt med i leiken.

Vårt datamateriale viser at barnehagepersonalet ser observasjon som viktig arbeid med dei yngste barna sin medverknad i barnehagen. Dette er i tråd med Kirsten Elisabeth Jansen (2013) som hevdar at bevvist bruk av observasjon, der personalet har eit retta blikk mot barnet, tolkar informasjonen og kommunikasjonen barna kjem med. Og slik gjer at barna sine meininger og verdiar blir ivaretatt og på den måten får medverke. Når ein observerar barna som todalarar må ein være bevisst på det ein skal sjå etter (Løkken & Søbstad, 2013, s. 40). I følgje Sandvik (2007) er det argumentert til at barnet sin alder og verbale kompetanse skal vera med og påverka i kva grad dei yngste skal få vera med å medverke. Ein informant seier: *Mine tankar er at barn er så små at dei ikkje kan verbalt uttrykkje seg, korleis sikrar ein då at dei yngste påverkar?*" (1A). Ut i frå dette tolkar me at dei vaksne kan vera usikre rundt todlaren sin måte og uttrykkje seg på.

Nina Johannessen & Ninni Sandvik (2008) hevdar at kommunikasjonen blant små barn skjer på andre måtar enn ved det verbale språket, og at der difor er særleg viktig med observante vaksne som fangar opp den nonverbale kommunikasjonen. Ved å ha aktivt tilstedeværende vaksne som er tilstades med alle sansane og som er observante er viktig slik at dei kan leggje merke til barna sine markeringar. Når dei vaksne fangar barna sine markeringar, kan dei sjå kva aktivitetar barna viser interesse for og kan planlegge aktivitetar ut i frå det dei har observert (Sandvik, 2006, s. 21). For at dei yngste barna skal få mogelegheit til å kome med sine bidrag og medverke i barnehagekvardagen, meiner også me at det handlar om oppmerksame tilstedeværende vaksne som aktivt brukar observasjon, spesielt sin berøring, syn og hørselsans, for å legge merke til dei yngste barna sine uttrykk (Jansen 2013 – Johannessen og Sandvik 2008).

Observasjon er ein arbeidsmåte barnehagepersonalet brukar for å få med seg spesifikke hendingar i barnehagekvardagen, men arbeidsmåten kan ende opp med å ikkje ha nok tilstedeværende vaksne om ein ikkje er seg bevvist (Jansen, 2013, 87-88). I intervjuet vårt var det ein informant som sa: "*Sjå barna, forstå barna og lytt til barna*" (1D). Ved dette forstår me at som tilsette i barnehage burde ein vera anerkjennande, det er også viktig at barna blir sett og hørt slik at barna føler at dei blir vedsatt. I følgje Jansen (2019) må personalet ha ei lyttande haldning og vere anerkjennande ovanfor barna. Dersom barna får oppleve at dei blir lytta til og får erfare at dei har mogelegheit til innflytelse i barnehagekvardagen, kan dette skape eit godt

samarbeid mellom barna og de vaksne. Barna får også i denne samanhengen mogeleg til å være med og oppleve at dei får medverke. Dette kan vidare skape ein tryggleik for barna slik at dei tør og komme med sine meningar og innspel. I barnehagelova §§ 1 og 3, Grunnlova § 104 og FNs barnekonvensjon art. 12 nr. 1 står det at barna skal få lov til å vere med å seie kva dei synast om den daglege verksemda i barnehagekvardagen, og som vaksen skal ein oppmunstre og leggje til rette for at barna får lov til å medverke (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 27). Ein informant fortel: «*Me ser det på barna, foreldra merkar på barna at det har blitt ei endring. Dei kan sjå at dei er rolegare for eksempel stemning og lydnivå er betre, og barna er ikkje så slitne.* (1D). Me forstår at gode samspele mellom dei vaksne og borna er ein av dei viktigaste forutsetningane for at barn vil komme med sine uttrykk og dele sine innspel med fellesskapet i barnehagen. Ved å ha fokus på observasjon som arbeidsmåte trur me at dei yngste barna sin medverknad lettare vil bli ein del av barnehagepersonalet sitt planarbeid og kvar dag, fordi barna får ein plass i sentrum for alt som skal skje.

I følgje Løkken & Søbstad (2013) er prosessane med observasjon, oppleving og tolking fletta saman og vevde inn i kvarandre. Eine informanten legg fram i intervjuet: «*Noko me har gjort var og endre på morgenrutinane, barna sprang rundt og det blei ikkje ro for dei som åt. Barna var sure og grinete halv 10. Me las på borna at dette ikkje gjekk og endra derfor rutinane rundt frukosten*» (1A). I dette som informanten legg fram her kan me knytte opp mot det som Løkken & Søbstad skriv om at opplevingane til borna blir tolka gjennom observasjonen. Vidare fortel denne informanten: «*Me ser det på borna, no endrar ting seg, forhåpentlegvis ein positiv endring. Skal me bli betre eller er det nok? Ein blir aldri ferdig, når ein tenkjer ein er i mål kjem det nye barn*» (1A). Vidare hevdar Løkken & Søbstad (2013) at ein ser etter menneska sine handlingar i ulike samanhengar når ein observerer. Sett i samanheng med det informantane fortel og det Løkken & Søbstad (2013) legg fram ser også me at dei vaksne igjennom og observere å tolke barna sine handlingar vil dei vaksne sjå om ein situasjon treng ein forandring eller om den er bra for barna sitt beste.

4.2 Funn 2: Barneperspektivet

Å ha både personalet og det fysiske rommet på barnet sitt nivå var noko informantane uttrykte. Kirsten Elisabeth Jansen (2019) legg fram at rom og materiell i barnehagen skal vera tilgjengeleg slik at barna kan bruke det til deira eigne forslag. Ved å ha eit slikt miljø kommuniserer dette til barna om at dei blir sett på som aktive subjekt, og at dei har kompetanse til å skape sine eigne aktivitetar. Ein informant seier: “*Eg tenkjer at dette er jo det dykk gjer 1D, avdelinga er tilpassa små barn både fysisk og leikene. Leiker som dei små brukar, alt er*

for dei små. Dette er medverknadsdelen som er synleg" (1C). Ein annan informant fortel: "Det er toddlarar, lære om å kjenne dei, leggje til rette for eit anna leikemiljø" (1D). Ved dette informantane la fram i intervjuet kan me i tråd med den franske filosofen Merleau-Ponty sin fenomenologi (Röthle, 2013, s.31) seie at det blir lagt stor vekt på kroppen til barna i det informantane fortel. Dette fordi når rommet og leikene blir tilpassa barnet får dei bruke heile kroppen aktivt i rommet og sansane når dei skal leike. Ved eit tilpassa leikemiljø vil barna få brukt rommet og det som er rundt seg slik dei ynskjer.

Det den eine informantane la fram i intervjuet var: "*Me har fått mykje tilbakemeldingar på det fysiske, me har små bord og små stolar*" (1B). Ved å bruke små bord og små stolar tolkar me det som informantane fortel med at det er viktig og få rommet på barna sitt nivå. I følgje Thorbergsen (2007) skal rommet og når ein legg til rette for barn under tre år vera tilpassa slik at barna kan prøve ut og erfare med ulike typar material og utstyr. Vidare fortel Thorbergsen (2007) at gjennom sansane våre får me estetiske opplevingar. Ein estetisk oppleving kan opplevast på ulike måtar, det nokon kan oppleve som positive opplevingar kan andre oppleve som negative. Det som kan fortelje oss om me har lyst å vera i rommet me kjem inn i eller ikkje handlar om korleis møblane er plassert, fargane på veggane eller om det er opent eller rotete. Vidare fortel denne informantane at: "*Me har hatt sanselege prosjekt, fått bra tilbakemeldingar. Utforskar forskjellig*" (1B). Ved det informantane legg fram er det å ha sanselege prosjekt med på å skapa eit miljø for barna som tilbyr dei til å bruka alle sine sansar, med dette kan den vaksne og fokusere på noko utanforbi barna.

Me kan relatere til Solveig Østrem (2012) som har gjennomført ein observasjonsstudie i barnehagen. Studien hennar visar at når tilsette i barnehagen visar oppmerksamheita konkret mot noko betydingsfullt som befinne seg utanfor barnet, kan dette være med på å bidra til at barn får være med og aktivt medverke. I intervjuet fortel eine informanten: "*Visst barna har interesse for noko anna, grip det*" (1A). Her viser informanten at barnet sitt synspunkt og interesse er viktig at dei vaksne får med seg, slik at mogelegheita for at barna får vere med å medverke i kvardagen er tilstades. Vidare hevdar Østrem (2012) at som barnehagelærar er det då viktig å leggje merke til interessene og kva barnet er opptatt av, dette for å sjå heile barnet. Blir ikkje dette gjort kan det være vanskeleg å få barnet med inn i medverknad prosessen. På den andre sida skriv Østrem (2012) at når personalet i barnehagen skal sjå det enkelte barnet kan det hende nokon gongar at den vaksne blir den som definerer, og barnet blir den som blir sett og definert. Johannessen og Sandvik (2008) hevdar at ein som voksen står i ei maktposisjon med tanke på barna sin medverknad. Korleis ein møter barn blir påverka av synet dei vaksne

har på barna. Dersom den vaksne ser på barna som subjekt vil dette ha ein påverknad på barna sin medverknad. Det vil derfor vere av betydning at ein som vaksen kan reflektere over om barna får uttrykkje seg og om dei blir høyrt då dette er noko dei har krav og rett på for å medverke i sin eigen kvardag.

Beit Bae (2012) hevder at i følgje rammeplanen og FN's barnekonvensjon blir det feil å setja medverknad på vent til barna blir eldre, med tanke på dei forpliktelsane ein har i barnehagen. I praksisfeltet blir det sagt at dei yngste barna er for små til å vere med å medverka (Bae, 2012, s. 18-19) Dette opplever me at praksisfeltet seier med tanke på at dei ikkje har nok kunnskap om medverknad, og om korleis småbarna uttrykkjer og kommuniserer med verda på. Barnehagen me var ute og hadde fokusgruppeintervju i, jobbar aktivt med medverknad, noko som gjorde at me ikkje fekk fram noko informasjon om at barna er for små til å vera med og medverke. Den eine informanten fortel at dei må: *"Lære om todrlarane, korleis dei fungerar og meir kunnskap om dei for å finne ut korleis medverknad kan vera/fungera inne på avdelinga"* (1D). Dette meinar me bekreftar at praksisfeltet fortsatt ikkje har nok kunnskap om småbarn og medverknad (Bae, 2012). Gjennom intervjuet vårt legg denne barnehagen fram gjentatte gangar at det er gjennom kunnskap dette er mogeleg å gjennomføre. For å jobbe aktivt med medverknad i kvardagen må ein setje seg inn i kven småbarna er og kva medverknad er for å klare å få barna aktivt med inn i denne prosessen. Det spelar også ei viktig rolle at alle tilsette på avdelinga har lyst og viser interesse for at dette skal kunne gjennomførast.

Atle Krogstad (2012) legg fram at det i dag er ein aukande interesse for barnehagen sine rom, utforming, organisering, samt utvalet av barnehagen sine materiell. Vidare hevder han at det trengs meir kunnskap om korleis arkitektur og pedagogikk kan bli forstått i lag slik at de pedagogiske måla til barnehagen blir fremja. I intervjuet la ein informant fram: *«Toddlarane skal jo springe»* (1D). Det at todrlarar spring er særst viktig for utviklinga deira vidare. Me tolkar at barn som spring i lag med andre barn utviklar dei sosiale ferdigheitane betre. Dette gir eit fellesskap som igjen gir rom for medverknad. Løkken (2004) viser til studien som Musatti og Panni har gjennomført, der dei har funne to ulike måtar todrlarar leikar på. Gjennom intervjuet er det desse ulike metodane for leik som studien deira dreiar seg om, og som informantane snakkar om. I leiken med store leikeelement er det god mogelegheit for å bruke gjenbruksmaterialar. Dei minste barna i barnehagen bruker rommet og gjenstandane ofte fleire gangar for å utforske dei ulike måtane gjenstandane kan bli brukt på. Ein annan informant la fram: *« Toddlaren lærar, med heile kroppen»* (1A). Toddlaren er barn som brukar heile kroppen for å uttrykkje sine opplevingar. Med dette tolkar me at barna må få lov og mogelegheit

til å bruke heile kroppen i både leik og andre aktivitetar. Ved den andre type leik som Musatti og Panni fant i sin studie, er fokuset på kroppen til barnet, det handlar om at kroppen er i sentrum. Her kan me i tråd med informantane sjå at denne leiken er veldig sentral blant dei yngste barna. I småbarnsalderen brukar dei kroppen og sansane mykje, og på denne måten skapar dei seg nye erfaringar som igjen vil gi dei forståing for korleis ting heng saman i seinare tid (Thorbergsen, 2007, s 33). Ein informant sa: “*Få vekk leiker, me har alderen 0-3, bruk gjenbruksmaterial som svamp og gardiner*” (1D). Vidare fortel denne informantanen: “*Ikkje ei enkelt leike, men fleire. Mindre konfliktar med gjenbruksmateriale*” (1D). Med utgangspunkt i det informantane våre fortel er vår forståing, at dersom det er ei leike som er ulik alle andre så vil alle ha den leika, men dersom det er mange av den same leika blir ikkje konfliktnivået like høgt. Det at informantanen fortel med å bruke gjenbruksmaterialar kan derfor vere til hjelp med at det ikkje blir krangling då ein kan få tak i mange av den same gjenstanden.

4.3 Funn 3: Kunnskap om Toddlaren

Kunnskap var det informantane våre la mest vekt på under vår innhenting av datamateriale. Eine informanten fortel: “*Stort tema, ikkje alle forstår omgrepet medverknad*” (1D). Ein anna informant fortel: “*Snakka om kva barns medverknad er, skilt kva dette er i forhold til medbestemmelse, kva kan gjerast for å få eit godt fellesskap*” (1C). I samsvar med det informantane fortel forstår me at medverknad og medbestemmelse er to omgrep som er vanskeleg å skildre frå kvarandre. Omgrepet medverknad er det ein del diskusjonar rundt, det er mange som slit med skilnaden på medverknad og medbestemmelse. Derfor kan dei fleste diskusjonane som omhandlar medverknad ende opp med kven som skal bestemme kva. I samfunnet i dag skal alle barna bli høyrte på same måte og alle har like stor betyding. Dette gjeld i både barnehagekontekst og sosiale samanhengar (Johannesen & Sandvik, 2008, s. 25-26). Me meiner at det er viktig at alle barn blir høyrte og satt pris på, dette med bakgrunn i at alle barn skal ut i eit samfunn og eit fellesskap der det er mange ulike meininger og haldningar. Vidare legg Johannesen & Sandvik (2008) fram at medverknad handlar om meir enn å berre bestemme, det handlar også om å være i eit fellesskap der ein skal bli inkludert og respektert. Det handlar også om korleis ein klarar og samhandlar, respektere og lytte til mennesket i eit fellesskap. Jansen (2019) skriv at korleis barn skal kunne formidle eigne meininger, erfaringar og forståingar handlar om korleis barna skal få vera med å medverke i barnehagen. Ved at barna får være med å påverke på innhaldet, planlegginga og rutinane i barnehagen vil barna få mogelegheita til å erfare at deira tankar og meininger har ein betydning for fellesskapet i barnehagen.

I intervjuet fortel ein informant: “*Brukta personalet. Alle er med, alle har meir teori. Innputt frå folk utanfor. Engasjementet er mørkje meir oppe. Treng ikkje nødvendigvis å vere folk utanfrå, gode formidlarar*” (1A). Ein anna informant fortel: “*Har jobba med å få mykje teori om medverknad. Dei får auka kunnskap. Sanselege opplevingar*” (1D). Det å ha eit personalet med kunnskap om medverknad og om toddlaren forstår me det slik at det er nyttig med eit godt teorigrunnlag. Ved å delta i eit fellesskap og gjere noko saman, vil barna erfare at dersom kvart enkelt barn ikkje hadde fått lov å være med å medverke hadde det ikkje blitt eit demokratisk fellesskap. Dette ansvaret ligg spesielt hos barnehagelæraren men også dei andre tilsette (Sandvik, 2007, s. 29). I tråd med det informantane legger fram hevder Mari Pettersvold (2013) i sin artikkel at mange fagarbeidarar og assistentar forstår omgrepene medverknad som medbestemmelse og slit med forskjellen på desse. Men barnehagelærarane har derimot eit meir nyansert syn på omgrepene medverknad. Her ser me at våre informantar jobbar med å inkludere heile personalet. Dette fordi dei ynskjer at alle skal få lik kunnskap slik at forståinga for korleis ein skal jobbe med medverknad blant dei yngste blir betre.

Ein eit- og toåring som stabbar og går blir ofte omtalt med omgrepet toddlaren (Röthle, 2013, s. 31). Kunnskap om de små var noko informantane også la fram i intervjuet. Den eine informanten fortel: “*Sjå, forstå og lytt til barna. Då treng me kunnskap om dei små*” (1D). Ein annan informant la også fram: “*Setje oss inn i kva toddlarane er*” (1C). Her tolkar vi at informantane viser interesse for å setje seg inn i kva toddlane er og korleis dei utrykkjer seg. Jansen (2013) hevdar at det verbale språket dominerer generelt i samfunnet og i barnehagen. Dersom språket ikkje kjem når ein forventar det, kan ein som barnehagelærar og føresette bli bekymra for barnet. Barna har språkforståing lenge før dei kan uttrykke seg med ord, måten barna då uttrykkjer seg er ved det kroppslege, lydar og ord. Sandvik fortel (2006) at det er når barna er vaken dei kommuniserer med omverda. Måten dei kan kommunisere på då kan variere frå av å vera kroppsleg med lydar og ord eller berre vera kroppsleg. Det som er avgjerande for korleis barna uttrykkjer seg kan handle om alder, relasjon eller situasjon. Det at barna ikkje kommuniserer med språket gjer at ein som voksen kan undervurdere den kroppslege kommunikasjonen til barnet. Viktigheita med dette som Jansen (2013) skriv her kjem fram i det Ninni Sandvik (2006) vidare hevdar at medverknaden for dei minste barna kan vera avgjerande av at vaksne klarar og fange opp det kroppslege og verbale som barna gir uttrykk for. Vidare må dei vaksne tolke uttrykkja med eit blikk som visar at barna er meiningsfulle og viktige. Me forstår at det å ha kunnskap om toddlarane og om kva medverknad er, vil spele ei viktig rolle

for oss vidare som barnehagelærarar. Å ha kunnskap om dette vil gjere det lettare å jobbe med medverknad blant dei yngste og få dei aktivt med i medverknadsprosessen.

Barna sin rett til medverknad skal dei tilsette i barnehagen få med inn i barnehagekvardagen (Pettersvold, 2013, s. 128). Ein informant legg fram: «*Stort kapittel, kjem ikkje utanfor dette uansett*» (1A). Vidare fortel denne informanten: «*Heile personalgruppa jobbar aktivt, 3 pedagogar på to avdelingar. Fagarbeidarar og assistenter er møykje meir inn i det, dei får fagleg innhald, dei er kjempeengasjerte, dei har lyst*» (1A). Me tolkar dette som at informantane viser interesse og har lyst og jobbe aktivt med dette temaet. Pettersvold (2013) legg fram at tilsette og andre i barnehagen har ulike krav og forventningar som kan gjere det vanskeleg og realisere barna sin rett til medverknad. Desse krava og forventningane forstår me at kan handle om grensesetting for barna i barnehagen. Vidare legg Jansen (2013) fram at dei tilsette skal sjå barna som kompetente subjekt som kan medføre at barna kan få for stort ansvar. Me opplev då at det som vaksen kan være viktig og tilretteleggje slik at barna både kan få støtte og vegledning inn mot det og ta eit val.

Informantane legg fram i intervjuet korleis det har vært å jobba med medverknad:

«*Interessant og kjekt. Ikkje så mykje før*» (1B), «*Heile personalgruppa jobbar aktivt*» (1A), «*Å ha god tid, kjempeviktig*» (1C). Me forstår dette som om at dette er eit tema som er positivt og kjekt og jobbe med i barnehagen og at dei tidlegare har fått lite informasjon og kunnskap om dette temaet. Mette Røe Nyhus (2013) hevdar at medverknad er noko ein må jobbe med kontinuerleg, og dette er noko ein aldri blir ferdig å arbeide med. Vidare hevdar Jansen (2013) at det er viktig at dei vaksne fangar opp utrykkja til barna. Ein kan også tilføye det Johannessen & Sandvik (2008) fortel om at medverknad ikkje skal vera ein hindring for å leggje til rette for læring og utvikling, men barna skal også få påverke og aktivt delta i medverknadsprosessen. Dette går inn på det informantane legg fram om at ein må jobbe aktivt med dette og bruke god tid på temaet.

5.0 Avslutning og oppsummering

Gjennom å ha arbeida med bacheloroppgåva har me fordjupa oss i medverknad knytta til dei yngste barna i barnehagen og fått ei vidare forståing for kva dette inneberer. Me har satt oss inn i korleis småbarn uttrykker seg, korleis ein arbeidar med medverknad på ein småbarnsavdeling og korleis dei vaksne klarar å forstå medverknad og småbarn både kvar for seg men også i ein samanheng. For at me skulle finne ut korleis det var ute i praksisfeltet, var me ute i ein barnehage og hadde eit fokusgruppeintervju der me innhenta empiri. Når me hadde fått innhenta empirien skulle me lese i gjennom det som blei skrive ned for å så analysera den i etterkant. Me fekk fleire interessante funn under vårt fokusgruppeintervju. Funna me kom fram til, drøfta me i lag med teori, samt i lag med våre eigne opplevingar. Dette for å besvare problemstillinga vår som er:

Korleis forstår dei tilsette på småbarnsavdelinga sitt arbeid for medverknad i barnegruppa?

Barnehagelæraren forstår medverknad som eit omfattende omgrep. Medverknad er eit stort tema i dagens barnehagar, og medverknad blant dei yngste er noko dei tilsette i barnehagen ikkje alltid synst det er så enkelt å arbeide med. Det er fortsatt stor diskusjon blant omgropa medverknad og medbestemmelse, og det er ikkje alle som synest det er så enkelt og skilje desse omgropa frå kvarandre. Det blir også sagt at dei yngste barna i barnehagen er for små til å vere med å medverke, derfor synest me at det er særskilt viktig å gå inn på eit tema som dette og finne ut korleis ein kan jobbe aktivt med medverknad blant dei yngste barna. Dersom me ser på problemstillinga vår sett opp mot funna våre som er observasjon, barneperspektivet og kunnskap om toddlaren, kjem det fram i forskinga vår at det er viktig å observere barna for å finne ut korleis barna aktivt skal bli tatt med inn i medverknadsprosessen. Det kjem også fram i forskinga vår at både rommet og dei tilsette i barnehagen må vere på barna sitt nivå for at barna skal få vere eit aktivt subjekt. Det er også særskilt viktig at dei tilsette i barnehagen har kunnskap om toddlarane for å få dei yngste aktivt med i planlegginga av barnehagens verksamheit. I vår forskingsprosess har me kommen fram til ulike funn som me ikkje kan gi ein konklusjon på grunna oppgåva sitt omfang og tid. Ved å vera ute i ein barnehage kan me heller ikkje komme fram til noko konkret då denne barnehagen ikkje kan snakke for alle barnehagar. Dette er noko me kjem til å ta med oss ut i barnehagen, no som sjølv skal ut som profesjonsutøvar i barnehagen.

6.0 Litteraturliste

- Bae, B. (Red.). (2012). *Medvirkning i barnehagen. Potensialer i det uforutsette*. Fagbokforlaget.
- Brottveit, G. (Red.). (2018). *Vitenskapsteori og kvalitative forskningsmetoder: om å arbeide. forskningsrelatert*. Gyldendal.
- Dalland, O. (2020). Metode og oppgåveskriving. Gyldendal.
- Jacobsen, D. I. & Postholm, M. B. (2019). *Læreren med forskerblikk: innføring i vitenskaplig metode for lærerstuderter*. Cappelen Damm Akademisk.
- Jansen, K.E. (2013). *På sporet av medvirkning og læring: de yngste barna og spenningsfeltet mellom det planlagte og spontane*. Fagbokforlaget.
- Jansen, K.E. (2019). Medvirkning i praksis: deltagelse og danning i barnehagens hverdagsliv. Fagbokforlaget.
- Johannesen, N. & Sandvik, N. (2008). *Små barn og medvirkning – noen perspektiver*. Cappelen Akademisk Forlag.
- Krogstad, A., Hansen, G.K., Høyland, K. & Moser, T. (2012). Rom for barnehage – velkommen inn. I A. Krogstad, G. K. Hansen, K. Høyland & T. Moser (Red.). *Rom for barnehage: flerfaglige perspektiver på barnehagens fysiske miljø*. Fagbokforlaget.
- Kunnskapsdepartementet. (2017). *Rammeplan for barnehagen: forskrift om rammeplan forbarnehagens innhold og oppgaver*. Udir.
<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan-for-barnehagen/>
- Kvale, S. & Brinkmann, S. (2015). Det kvalitative forskningsintervju. (3.utg.). Gyldendal.
- Larsen, A. K. (2017). *En enklere metode: veiledning i samfunnsvitenskapelig forskningsmetode*. (2.utg.). Fagbokforlaget
- Løkken, G. (2004). *Toddlerkultur: om ett- og toåringers sosiale omgang i barnehagen*. Cappelen akademisk forlag.
- Løkken, G. & Søbstad, F. (2013). *Observasjon og intervju i barnehagen*. (4.utg.). Univeritetsforlaget.
- Nyhus, M. R. (2013). *Ventebølger: Venting og de yngste barnas rom for medvirkning i barnehagen*. Fagbokforlaget.
- Pettersvold, M. (2013). Demokratiforståelse og barns demokratiske deltagelse i barnehagen. Nordic Studies in Education, 34(2).
<https://www.idunn.no/doi/10.18261/ISSN1891-5949-2014-02-05>
- Postholm, M. B. (2010). *Kvalitativ metode: en innføring med fokus på fenomenologi, etnografi og kasusstudier*. Universitetsforlaget.

Postholm, M. B. & Jacobsen, D. I. (2018). Forskningsmetode for masterstuderenter i lærerutdanning. Cappelen Damm Akademisk.

Röthle, M. (Red.). (2013). Småbarnspedagogikk. Fenomenologiske og estetiske tilnærmingar. (2.utg). Cappelen Damm Akademisk.

Sandvik, N. (2006). Temahefte: om de minste barna i barnehagen. Kunnskapsdepartementet.

Sandvik, N. (2007). De yngste barnas medvirkning i barnehagen. Barn – forskning om barn og barndom i Norden, 25(1).

<https://doi.org/10.5324/barn.v25i1.3592>

Thorbergsen, E. (2007). *Barnehagens rom*. Pedagogisk forum.

Østrem, S. (2012). Barnet som subjekt: *etikk, demokrati og pedagogisk ansvar*. Cappelen Damm Akademisk.

7.0 Vedlegg

7.1 Vedlegg 1: Samtykkeskjema

Vil du delta i undersøkinga til bachelorprosjektet

Barns medverknad

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i undersøkinga til eit bachelorprosjekt der føremålet er å undersøke barn sin mogelegheit til medverknad i barnegruppa. I dette skrivet gjev me deg informasjon om målet for prosjektet og om kva deltakinga vil innebere for deg.

Føremål

Me skal skrive ei bacheloroppgåve der problemstillinga vår er «korleis forstår personalet på småbarnsavdelinga sitt arbeid for medverknad i barnegruppa. Metoden me har valt å bruke er fokusgruppeintervju, der me vil intervju dei tilsette på ein eller to småbarnsavdelingar.

Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?

HVL er ansvarleg for prosjektet.

Kvífor får du spørsmål om å delta?

Me har valt å spørje dykk om å delta fordi me veit at dykk jobbar med barna sin medverknad. Difor tenkjer me at det kunne vært interessant å intervju nokon som jobbar aktivt med dette i kvardagen.

Kva inneber det for deg å delta?

Me vil bruka metoden fokusgruppeintervju, samle personalet på ein avdeling og stilla dei spørsmål som kan hjelpe oss med å få svar på problemstillinga vår. Spørsmåla som vil bli stilt vil omhandle barnsmedverkand, og korleis dei vaksne jobbar med dette i sin barnehagekvartdag. Me vil samle inn opplysningane våre ved å notera ned på pc under intervjuet.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst innan gitt frist, trekkje samtykket tilbake utan å gje nokon grunn. Alle personopplysingane dine vil då bli

sletta. Det vil ikkje føre til nokon negative konsekvensar for deg dersom du ikkje vil delta eller seinare vel å trekkje deg.

Ditt personvern – korleis vi oppbevarer og bruker opplysingane dine

Me vil berre bruke opplysingane om deg til føremålet *me* har fortalt om i dette skrivet. *Me* behandler opplysingane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket. Undersøkinga vil ikkje samla inn personopplysingar, og datamateriale vil anonymiserast, slik at ingen deltarar er gjenkjennbare i den endelige oppgåva.

- *Dei som har tilgang er prosjektgruppe og rettleiar.*
- *Det me vil gjere for å sikre personopplysingane er å erstatte namn med kode eller fiktivt namn.*

Prosjektet vil ikkje behandla personopplysningar

Prosjektet vil ikkje innhenta og behandla personopplysingar. Prosjektet vil etter planen avsluttast 25.mai. Eventuelt trekk av samtykke for deltaking, må gjerast innan denne datoен.

Dersom du har spørsmål til studien, ta kontakt med:

HVL ved Frida Markhus & Marthe Velure og Annette Kristoffersen Winje

Kontaktopplysingar:

Frida Markhus: 592661@stud.hvl.no

Marthe Velure: 592687@stud.hvl.no

Rettleiar: Førstelektor i pedagogikk Annette Kristoffersen Winje: annette.winje@hvl.no

Venleg helsing

Annette Kristoffersen Winje

*Prosjektansvarleg
(Forskar/rettleiar)*

Frida Markhus og Marthe Velure

Eventuelt student

7.2 Vedlegg 2: Intervjuguide

Intervjuguide

Innleiing

- Takk! – Takke respondenten for at de stiller opp
Tusen takk for at dykk hadde mogelegheit til å stille opp på dette fokusgruppeintervjuet.
- Kvifor? – Fortelje kva formålet med intervjuet er
Me held på å skrive bachelor og skal derfor gjennomføre fokusgruppeintervju. I dette fokusgruppeintervjuet vil me høre korleis dykk jobbar med medverknad i barnegruppa på ein småbarnsavdeling.
- Anonymitet? – Fortelje korleis dataene blir behandla.
Me kjem ikkje til å bruke namn, barnehage eller liknande. Me kjem til å bruke fiktive namn og kodar for alt me skriv så ingenting kan knyttast tilbake til dykk.
- Innhald – Kort gjennomgang av kva intervjuet skal handle om.
Intervjuet skal handle om problemstillinga vår som er «korleis forstår personalet på småbarnsavdelinga sitt arbeid for medverknad i barnegruppa?»
- Tid – Kor lang tid kan respondenten regne med at intervjuet tar?
40-60 minutt.

Spørsmål fra oss:

- I dette intervjuet skal me ha søkerlyset på de yngste barna sin medverknad i barnehagen. Me veit at dykk jobbar målretta med medverknad akkurat no. Men korleis fant dykk ut/identifiserte dykk at det var medverknad med de yngste barna dykk skulle ha fokus på og arbeide med? Savna dykk medverknad? Var det tilfeldig at det blei medverknad? Fortell litt om prosessen fram mot at dykk kom fram til at det var akkurat medverknad med de yngste dykk har valt å jobbe med?
- I 2006 blei barn sin rett til medverknad for første gang formelt nedfelt i eigen paragraf i barnehagelova og medverknad blei då tatt inn i rammeplanen for barnehagen for

første gang. Kan dykk starte med å fortelje kva dykk legg i omgrepet medverknad og gi oss nokre eksemplar på korleis det kan sjå ut i praksis?

- Medbestemmelse og medverknad er gjerne to omgrep som går inn i kvarandre. Tenkjer dykk at desse to omgrepa har forskjellig betydning? Og visst ja, korleis vil dykk forklare forskjellen, og kan dykk gi nokre praktiske eksemplar på det?
- Medverknad skal knyttast til både individ og fellesskapet i dette intervjuet ynskjer me å ha fokus på medverknad i barnegruppa som fellesskap. Beskriv/fortel litt korleis dykk jobbar med medverknad i barnegruppa, og korleis barna får være med å medverke i fellesskapet/barnegruppa?
- Kor mykje jobbar dykk med medverknad. Er det enkelte situasjonar/heile dagen? Korleis er det i kvardagen?
- Kva konkrete situasjonar jobbar dykk med medverknad i?
- Det er kanskje ikkje så lett å måle arbeidet knytta til medverknad i barnegruppa, men korleis arbeider dykk for å sjå om dykk er på rett veg, eller må justere veg osv?
- Fortel korleis dykk opplev å jobbe med medverknad med dei yngste barna?
- Er det forskjell på korleis dykk jobbar med medverknad på de ulike avdelingane? Fortel?
- Me rekne med at medverknad er noko som ligg i planarbeidet dykkar. Korleis kjem dette fram i planarbeidet?
- Etter å ha satt dette som eit fokus, er dykk fornøgde eller saknar dykk meir medverknad fortsatt?

Avslutning

- Vist me skulle trekke ut tre ting som du meiner er det viktigaste me har snakka om,
kva ville det vært?
 - Er det noko meir du vil seie eller leggje til?
 - Kan me kontakte deg igjen vist det blir aktuelt? (teste idear)
- Tusen takk for at dykk stilte opp!